

**Sakshandsamar:**Adrian Husabø Bjørseth  
E-post: Adrian.Husabo.Bjorseth@sfj.no  
Tlf.: 90247175**Vår ref.**Sak nr.: 19/4374-1  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

25095/19

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 07.05.2019

**Notat****Frå:** Fylkesrådmannen  
**Til:** Fylkesutvalet, møte 8.-9. mai 2019**Orientering om nokre større, innkomne søknader (gjeld 2019)**

Fylkeskommunen har siste tida fått inn ein del større søknader (2019). Slike søknader har vi oftast vist over til neste års budsjettprosess. Då denne prosessen er i regi av Vestland fylkeskommune, ivaretek eg mi informasjonsplikta overfor eigne politiske organ ved å orientere FU om desse søknadene. Dersom FU ønskjer å forholde seg til ein eller fleire søknader, ber eg om å få signal om det. Eit alternativ kan vere å sende søknadene over til den «nye» budsjettprosessen, og då i forståing med dei aktuelle søkjarane. Dei vil i så fall måtte vurderast med tanke på 2020.

**Næring**Infrastruktur ved Njøs Eigedom som grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærsenter

*Status: HNK sette 30.04.2019, sak 31/19, av 4 mill. kr. og ynskte at vurdering av restfinansiering blir meldt inn til handsaming i tertialrapport 1/19.*

Njøs Næringsutvikling søkte i slutten av mars 2019 om 15 mill. kr. til investeringar i Njøs Eigedom. Bakgrunnen er at det vert opplyst at staten og Graminor vil satse på Njøs ved å samle frukt- og bærforedling der, dette på vilkår av at det blir gjort større investeringar. Desse er igjen avgjerande med tanke på rekruttering og oppgåver i åra som kjem, og for at regionen skal halde på posisjonen sin innan frukt/bær. Totalbudsjettet for prosjektet er 32 mill. kr. Totalt er det planlagt investeringar for 50 mill. kr. på Njøs (Njøs Eigedom, Njøs frukt og bærselskap).

HNK har handsama saka (31/19). Ein sette då av 4 mill. kr. til forskingsinfrastruktur ved Njøs Eigedom. Ei ev. tildeling kan berre gjerast under føresetnad av at også andre partar går inn med midlar, og at finansieringa blir på eit slikt nivå at intensjonen bak prosjektet kan gjennomførast. Det er også vedteke føresetnader om at ei tildeling må vere i tråd med statsstøtteregulverket.

Hovudutvalet vedtok m.a. følgjande:

*«Hovudutvalet er ut frå søknadssummen i denne saka kjende med at utfordringane er større enn utvalet kan komme i møte. Utvalet er også kjende med at det ligg føre søknad frå Lærdal Grønt på vegner av Sognefrukt og Innvik Fruktlager som utvalet får til handsaming i møtet 28. mai. Utvalet ber om at begge desse sakene blir melde inn til handsaming i sak om tertialrekneskap 1 2019.»*

Ny infrastruktur og felles organisering av frukt og bærneringa i SF

*Status: Har søkt om 25 mill. kr. Ikkje handsama. Blir handsama i HNK 28.05.2019. HNK har meldt inn saka til tertialrapport 1/19.*

Lærdal Grønt, Sognefrukt og Innvik fruktlager vil gå saman om eit felles pakkeri for frukt og grønt på Håbakken. Lærdal Grønt søkte 12.04.2019, på vegne av samarbeidspartane om 25 mill. kr. Det vert opplyst at frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane har hatt suksess dei siste åra. Men m.a. storstilt satsing på frukt, bær og grønt på Austlandet vil føre til endringar i produksjonsområde i Norge, og i balansen mellom regionane. Desse endringane vil føre til at marknaden set krav til

fleksible pakkeri med effektive løysingar. Her blir dagens pakkeri i Sogn og Fjordane for små og for lite tilpassa krav i marknaden. Søkjar seier den regionale finansieringa er avgjerande for å få til eit felles fylkesløft.

Hovudutvalet fekk seg førelagt søknaden i møte 30.04.2019. I samband med sak om Njøs Eigedom bad hovudutvalet om at saka blei meldt inn til handsaming i tertialrapport 1/19.

### Fjordane Virtuelle Campus

*Status: Ikkje handsama, vert truleg lagt fram for HNK 28.05.2019*

Fjordane Virtuelle Campus er eit prosjekt initiert av bedrifter lokalisert i Nordfjord, som driv med el-kraft, elektroinstallasjon og automasjon. Dei søker om 9,7 mill. kr. Fylkeskommunen støtta i 2018 eit forprosjekt (580 000 kr). Initiativet er opplyst å vere eit svar på dei rekrutteringsutfordringane som mange av bedriftene står overfor. Prosjektet er 3-delt; Ein skal først finansiere samlingsbasert fagskuleutdanning innan elkraft og automasjon, så bygge opp labfasilitetar og så gjennomføre bedriftsnettverksaktiviteter og fasilitere utviklingsprosjekt mellom bedriftene.

### Bratt Moro AS – Skredsenter

*Status: Ikkje handsama, vert truleg lagt fram for HNK 28.05.2019*

Bratt Moro AS søker om 2,25 mill. kr. til bygging av skredsenter i Dalalåven i Hodlekve (Sogndal Skisenter). Senteret skal vere med å stadfeste området sin sterke posisjon knytt til trygg ferdsel i bratt vinterterreng. Dei søker no om finansiering av ei utstilling. Her skal både fysiske og digitale installasjonar vere med å formidle kunnskap om skred og trygg ferdsel. Ein argumenterer med at fokus på bratt friluftsliv har verka stimulerande på lokalsamfunna i Sogn og Fjordane.

### Breiband

*Status: Ikkje handsama, vert truleg lagt fram for HNK 28.05.2019*

Det er søkt om støtte på 34,3 mill. kr. til breibandprosjekt i Sogn og Fjordane i 2019.

Fylket har fått eit tilskot frå NKOM til breibandutbygging på 8,35 mill. kr. i 2019. I fjor fekk vi 17,24 mill. kr. Med ein landspott på 200 mill. kr. i 2019, og 149,7 mill. kr. i 2018, har Sogn og Fjordane kome dårleg ut etter nye fordelingskriterium frå Samferdsledepartementet. Tildelinga frå NKOM og fylkeskommunale midlar i 2019 utgjer 11,6 mill. kr. I tillegg vil det i samband med tertial 1/19 bli føreslått å nytte 1,637 mill. kr. som kjem frå tapsfond Innovasjon Norge.

## **Kultur**

### Fotballhall Jølster

*Status: Avslag i HNK 30.04.2019 (sak 26/19).*

Jølster kommune har søkt om 15 mill. kr til etablering av fotballhall med garderobar, klubbhus møterom, lager, sosialt rom og klatreanlegg. Oppstart av anleggsarbeidet er planlagt før sommaren 2019. Søknad til same anlegget låg føre våren 2018 og vart handsama som del av budsjettarbeidet i fylkeskommunen for 2019; jf. HNK-sak 48/18.

### Skianlegg Vik

*Status: Avslag i HNK 30.04.2019 (sak 26/19).*

Vik Skisenter som er eigd og drifta av Vik Idrettslag har søkt om 2 mill. kr til utvikling av anlegget. Anlegget er eit heilårsanlegg med rulleskiløyper i store deler av traseane og rulleskiskyting med standplass for 30 skyteskiver. I tillegg er det anlegg for hopp og alpint.

### Astruptunet Jølster

*Status: Avslag i HNK 30.04.2019 (sak 27/19), men «sendt vidare» til tertialrapport 1/19.*

Jølster kommune har søkt om 1,4 mill. kr. til eit forprosjekt for visningscenter ved Astruptunet. Visningscenter er ein del av Jølster kommune sitt arbeid med utviklinga av Astruptunet.

## Klima

### Ev. felles hurtigladeutlysing med Hordaland fylkeskommune

*Status: Ikkje handsama.*

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune gjennomførte felles utlysing om støtte til etablering av hurtigladestasjonar våren 2019, med frist 30.april. Utlysinga var delt i to; Nye stasjonar i Sogn og Fjordane, og utviding av eksisterande. Ramma for «eksisterande» er på 548 000 kr, og det kom inn søknadar på 15 ladeplassar, totalt 32 ladeuttak. Total søknadssum 3 420 000 kr.

Søknadane vil bli gjennomgått i samarbeid med representantar frå Hordaland fylkeskommune, i veke 19 og 20.